

Revytalent frå Uskedalen

07.12.2007

To uskedelingar var på scena då russerevyen "Nyklekt og småfrekt" hadde premiere for fullstappa sal på Husnes torsdag kveld og både Stine Saghaug og Joakim Myhre Eik blir teke med i ei oppsummering av talent av anmeldar Magne Fitjar på innsida.no.

Fitjar skriv at poenga sat som dei skulle. Lokale storleikar får gjennomgå og av dei kongelege er berre prinsesse Ragnhild gløymt. Lokale kremmarar slepp derimot billeg unna.

Ei videoinnspeling av ein omreisande skuleinspektør er eitt av høgdepunkta og i ei rekkje innslag glimtar sprudlande talent til. Rådgevar Bjørn Skibenes meiner det lovar godt for åra framover.

Dei to revysjefane Stine Brattetveit og Helene Saghaug Lillesletten har lagt inn ungdommeleg driv, som munnar ut i eit glitrande sceneshow til slutt, skriv Fitjar.